

Fra: Signe Ekeland (Signe.Ekeland@hfk.no)
Sendt: 10.06.2014 10:38:09
Til: Svein Kirkevik
Kopi:

Emne: Statestikk TIP og Elektrofag
Vedlegg: image001.png;image002.gif

Hei.

Eg har ringt inntakskontoret i dag fordi eg treng litt bistand til å få på plass litt bakgrunnsinformasjon til eit lite prosjekt me skal ha her i Sunnhordland no nett over ferien. Eg forstår du er rette vedkommande til å bistå her, men du var oppteken i møter. Sender deg difor epost.

Prosjektet er eit dimensjoneringsprosjekt i TIP og Elektrofag og har forankring i handlingsplan for tiltak i høve forvaltningsrevisjonen av fagopplæringa i Hordaland (fylkestinget desember 2013).

Fagopplæringa her på Stord skal no invitere Ytre Sunnhordland Opplæringskontor og Haugaland og Sunnhordland Opplæringskontoret for elektrofag med på eit prosjekt der mandatet er å finna framgongsmåte knytt til dimensjonering av opplæringstilbodet slik at det betre gir tydelig informasjon om og oversikt over tilgong på læreplassar innan ulike fagområde.

Til dette treng eg:

- Statestikk på skuleplassar på TIP og Elektrofag dei siste fem åra for skulane Rubbestadneset vidaregåande skule, Stord vidaregåande skule og Kvinnherad vidaregåande skule.
- Tal på klassar og tal på elevar totalt
- Tal på søkjarmassen det har vore i distriktet her til desse linjene
(-formidlingstal vert henta frå eigne kilder)

Me treng tal frå dei siste fem åra.

Målsetjinga er at me med hjelp av vår statistikk og kunnskap til opplærings-/læresituasjonen, og opplæringskontora sin informasjon og kunnskap frå næringslivet i distriktet og «bransjeglaskule inn i framtida» skal kunne gjere ei samla vurdering til nytte for dimensjonering av klassane på ein betre måte.

Eg treng desse tala så snart som mogleg og vonar de har høve til å hjelpe meg.

Ta gjerne kontakt med meg.

Venleg helsing

Signe Ekeland

Rådgjevar

Fagopplæringskontoret avd. Stord



Tlf: 45 29 68 79

www.hordaland.no

